

Tur med 360 ° panoramautsikt for folk i alle aldrar 

Stigen går på toppen av Votndalsåsen og er ein gamal og tydleg stig med storslått utsikt.

Frå Blesti er det nesten berre nedover-bakkar til du kjem til Tormodset.


Du startar frå Svarthamar og går fyrst gjennom hytteområdet og deretter i lett terreng austover mot høgdepunktet på turen, Blesti (1077moh). På enkelte kart har toppen Blesti namnet Gaukelinatten.

Stigen er merka med stolpar som har signalraud farge i toppen så det er lett å finne den kortaste og enklaste vegen. Turen kan du rekne med å gå turrskodd ettersom det vart lagt ut plankar på dei våte partia sommaren 2012.

Frå Blesti har du panoramautsikt: Mot vest og nord ser du både Hallingskarvet, Reineskarvet, Lauvdalsbrea, Blåbergi, Såta, Grytingen og Skogshorn. Elles er det opne fjellvidder og store stølsområder der det framleis er noko stølsdrift.

Du kan og starte turen på Tormodset. Ynskjer du ein rundtur kan du følgje ein av dei mange stølsvegane i området.


Du ser og ned på elva Lya som svingar seg idyllisk frå Kråkhamarvatnet og nedover mot Lyabrua der det er fint å bade på godversdagar.





For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000.





Foto: Aud L. Krøkk

 Ta av frå Rv 7 ved Gullhagen og køyr anten Fekjastølsvegen til Svarthamar, eller køyr til Åsetno og vidare til Tormodset. Betalingsbom.

 Stølar i drift på Tormodset/ Nystølane/ Trettestølane. Kolframstillingsanlegg i lia sør for Svarthamar.

 På Fekjastølsvegen, på høgre side nokon hundre meter innanfor Svarthamar. Alternativt på høgste punktet på Tormodset.

 God stig, plankar lagt ut og forankra på dei våte partia.

 Frå Svarthamar om lag 2,5 km til Blesti og 3,8 km til Tormodset. 970-1077 moh. Tid 1,5 – 2 timar.

